Statens vegvesen

Melding om tap av kjennemerke

Underskrivne melder med dette om tap av:

Kjennemerke ____ 1 stk. ◯ 2 stk. ◯

Tap av kjennemerke må vere meldt til politiet, og politimeldinga må leggjast fram for Statens vegvesen, jfr. forskrift 25. januar 1990 nr. 92 om bruk av kjøretøy § 2-25 første ledd. (Utfylt blankett kan takast med til politiet og nyttast som politimelding. Politiet må signere og stemple blanketten.) Dersom berre det eine kjennemerket er tapt/stole så må det andre leverast inn. Vognkort del 2 skal som hovudregel leverast inn. Dei nye kjennemerka du får vil ha ein annan teiknkombinasjon enn dei gamle. Kjennemerka blir tildelte ved oppmøte på ein trafikkstasjon eller ved at dei blir sende til deg i postoppkrav.

Fullmakt/ legitimasjon

Den som melder tapet må vise legitimasjon, eventuelt leggje ved kopi av legitimasjon på den som skriv under på tapsmeldinga. Om tapsmeldinga blir underskriven av andre enn eigar av køyretøyet (registrert eigar, eller eigar på salsmelding), skal også fullmakt frå eigar, og kopi av eigar sin legitimasjon leggjast ved. Leigetakarar må ha fullmakt frå leasingselskapet. Kopi av legitimasjon blir makulert på trafikkstasjonen.

Forklar tydeleg korleis tapet er oppstått og årsaka til tapet:

Dato/eventuelt tidsrom for tapet: ____

Namn på eigar av køyretøyet: ____ Tlf.: ____

Namn på den som melder tapet: ____ Tlf.: ____

Eg erklærer at opplysningane er rette. Eg er klar over at det å gi urette opplysningar kan medføre straffeansvar. Dersom kjennemerka kjem til rette skal dei straks returnerast til trafikkstasjonen.

Stad/dato: ____ Meldar si underskrift: .....

Om dei nye kjennemerka skal sendast til deg i posten, må du melde frå om dette til ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar. Vi gjer merksam på at posten sitt gebyr kjem i tillegg til prisen på dei nye kjennemerka.

Om du ikkje ønskjer nye kjennemerke, må du også melde frå til oss om at du ønskjer å avregistrere køyretøyet. Dersom berre det eine kjennemerket er tapt/stole så må det andre leverast inn før køyretøyet kan avregistrerast.

Skal køyretøyet avregistrerast? Ja ◯ Nei ◯